



ORIENTERING OM BARNEHAGETILBODET I NISSEDAL KOMMUNE

Nissedal kommune har 3 kommunale barnehagar.

- Haugsjåsund barnehage:** - Barnehagen er ein einavdelings barnehage som gjev tilbod om 5 dg., 4 dg., 3 dg. og 2 dg. i veka.
Opningstid 9 t pr. dag 5 dg. pr. veke.
Ope: Måndag – fredag kl. 07.30 – 16.30.
Barnehagen tek inn barn frå 1 år.
- Treungen barnehage:** - Barnehagen gjev tilbod om 5 dg., 4 dg., 3 dg. og 2 dg. i veka.
Treungen barnehage er ein to avdelings barnehage. Ei avdeling for barn under 3 år, og ei avdeling for barn over 3år.
Opningstid 9 t pr. dag 5 dg. pr. veke.
Ope: Måndag – fredag kl. 07.30 – 16.30.
Barnehagen tek inn barn frå 1 år.
- Kyrkjebygda Oppvekstsenter** - Barnehagen er ein einavdelings barnehage som gjev tilbod om 5 dg., 4 dg., 3 dg. og 2 dg. i veka.
Opningstid 9 t pr. dag 5 dg. pr. veke.
Ope: Måndag – fredag kl. 07.30 – 16.30.
Barnehagen tek inn barn frå 1 år.

Ein tek atterhald om endring av tilbodet.

Barn som får tildela barnehageplass får fast plass, og har plassen til dei tek til på skulen, plassen blir endra eller sagt opp. Foreldre kan søkje om endring av tilbodet.

Barnehagane har vanleg åpningstid mellom jol og nyttår, men har stengt jole- og nyttårsaftan og er ope til kl. 12.00 onsdag før skjærtorsdag.

Barnehagane er stengt dei to siste vekene i juli.

Barnehagen har 5 planleggingsdagar i året. Planleggingsdagane er felles for alle tilsette i barnehagane. Barnehagane er stengt desse dagane.

Frist for oppseiing av barnehageplass er 1 måned. Blir ein barnehageplass sagt opp etter 1. april, må ein betale for plassen fram til sommarferien.

Alle nye som ynskjer barnehageplass må søke nå.

Dei som har fått fast barnehageplass treng ikkje å søke på nytt.

De må søkje på nytt dersom:

- **du vil søkje endring av noverande tilbod**
- **bytte barnehage**
- **du har søkt tidlegare, men ikkje fått plass**

Utfylt søknadsskjema må sendast til:

Nissedal kommune,
Eining for barnehage
3855 Treungen

Søknadsfrist 01. mars

Ynskjer de fleire opplysningar, kan de ta kontakt med den einskilde barnehage eller styrar/einingsleiar for barnehage tlf. 35048477.

Søknadsskjema kan ein få ved å vende seg til sentralbordet på kommunehuset, i barnehagane eller på heimesida vår www.nissedal.kommune.no